



DEN NORSKE KIRKE

Steinkjer kyrkjelege fellesråd

Det kongelige kulturdepartement  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

03.11.2014

### HØYRINGSUTTALE: STATEN OG DEN NORSKE KIRKE – ET TYDELIG SKILLE

Steinkjer kyrkjelege fellesråd handsama saka i møte 30.10.2014, sak 25/2014, og fatta følgjande vedtak:

*”Steinkjer kyrkjelege fellesråd uttaler seg slik at ein både støttar hovudforslaget i høyringsnotatet samstundes som ein påpeikar kritiske faktorar som i ein sum kan rokke ved soknet si stilling”.*

Med helsing

Magne Emberland  
Kyrkjeverje

Vedl: Særutskrift av sakshandsaminga, sak 25/2014.

## 25/14 HØYRINGSNOTAT PR 2. SEPT: STATEN OG DEN NORSKE KIRKE

Saksopplysningar: Kulturdepartementet har pr. 2 september sendt ut høyringsnotatet "Staten og Den norske kirke – et tydelig skille". Høyringsfristen er sett til 1. november d.å. (lenke).

Ein kortversjon av av innhaldet i høyringsnotatet med vurdering av økonomiske tilhøve og framtidig ansvarsfordeling mellom stat, kommune og sokn, finn ein mellom anna i kyrkjevevja si saksutgreiinga til økonomiplanmeldinga for 2015 – 2018, der det står følgjande (sak 22/2014):

***I departementets høyringsnotat pr. 2. september (2014): "Staten og Den norske kirke – et tydelig skille", er det lagt opp til samme ansvarsfordeling for kyrkjeøkonomien mellom stat og kommune på samme nivå som i dag. Dvs. ingen forslag om å innføre eigen kyrkje- eller livssynsskatt, som er ei komplisert sak som mellom anna ville medført reduksjon/uttrekk frå det ordinære skattøyet og nærmare utrekningar av dette uttrekket.***

I tillegg er det i ettertid framlagt eit meir omfangsrikt forslag til høyringsuttale utarbeidd av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseforening (KA), som lokalkyrkjelege organ kan ta utgangspunkt i/slutte seg til.

Steinkjer kyrkjelege fellelsråd er medlem av KA. KA har mellom anna som oppgåve å ivareta sokna, representert ved sokne- og fellelsråd, sine interesser ovanfor sentralkyrkjelege organ som bispedømmeråd, kyrkjeråd/-møte og departement.

Det går i dag eit skarpt skilje (horisental strek) mellom sentralt nivå og lokalt nivå innafor Den norske kyrkja. Dette skiljet går mellom soknet og soknet sine organ (sokneråd og fellelsråd) på den eine sida, og staten/sentralkyrkja og sentralkyrkjelege organ på den andre sida representert ved bispedømmeråd, kyrkjeråd, kyrkjemøte, samt departement (enn så lenge).

Skarpe skiljer mellom forvaltningsnivåa, jf også mellom stat/statlege organ og kommunane), er ei forutsetning for dynamikken innafor det demokratiske styresettet for styring av det norske samfunn. Dette vil også gjelde for ein såpass omfattande storleik som Den norske kyrkja (ca 80% av folkesetnaden).

Innføringa av Menighetsrådsloven i 1920 hadde kommunestyret som forbilde, jf NOU 1989:7 "Den lokale kirkes ordning" (s. 55):

***"Forbildet for det lokale kirkestyre – med menighetsråd og menighetsmøte – var kommunestyret som politisk institusjon".***

*(Med referanse til formannskapslovane av 1837 for kommunane)*

Ved innføring av ny kyrkjelov i 1996 med verknad frå 1997, var også den nye kommuneloven av 1992 ein viktig årsak til både iverksettingstidspunktet og endeleg utforming av den nye kyrkjeloven av 1996, med mellom anna skarpt skilje mellom politikk og administrasjon jfr. kyrkjelovens §35 om partssamansett utval som er heilt parallell med kommunelovens § 25 om det samme.

KA støttar departementet sitt hovudforslag om oppretting av sjølvstendig sentralkyrkjeleg jurisdiksjon fråskild frå staten, etter modell av opprettinga av sjølvstendige sokn frå kommunen i 1997. Og vidare at prestetenesta ved dette høvet blir overført frå staten til dette nye sjølvstendige sentralkyrkjelege rettssubjektet.

KA har likevel nokre kritiske merknader i høve teikn til svekking av lokalt kyrkjeleg sjølvstyre/nivå, til fordel for styrking av sentral kyrkjeleg styring/nivå i departementet sitt høyringsforslag.

KA nemner her mellom anna gjennomtenking av bruken av omgrepet Den norske kirke knytta til oppretting av den nye/framtidige sentralkyrkjelege jurisdiksjonen (fråskild frå staten), slik at det ikkje oppstår språklege svekkingar/mistydingar vedrørande soknet si stilling i det nye lovverket. Dette kan vere på sin plass sidan departementet indirekte illustrerer at at vektinga mellom lokalt og sentralt nivå er/har blitt drøfta, jf. punkt 1.1.2, side 10 i høyringsnotatet:

***”Denne flertydigheten (dvs. bruken av Den norske kirke som nemning på den nye sentralkyrkjelege jurisdiksjonen) er neppe til å unngå når selvstendigheten til soknene foreslås videreført”.***

Som KA nemner er det derfor viktig å finne tydelege språklege uttrykk og definisjonar i lovverket for skildring av skilnaden mellom lokalt og sentralt nivå.

KA påpeikar i tillegg følgjande tendensar i høyringsnotatet:

***”Selv om høyringsnotatet ikke foreslår å frata oppgaver eller ansvar fra soknet, vil KA peke på at summen av departementets forslag vil kunne innebære en forskyvning som kan svekke soknets relative selvstendighet i Den norske kirke til fordel for sentrale og regionale organers mandat”.***

(s. 3 i KA sitt høyringsutkast.)

Ein foreslår derfor at:

Steinkjer kyrkjelege fellesråd uttaler seg slik at ein både støttar hovudforslaget i høyringsnotatet samstundes som ein påpeikar kritiske faktorar som i ein sum kan rokke ved soknet sin stilling. Dvs at ein foreslår at fellesrådet vedtar å slutte opp om uttalen til KA, jf vedlagt uttale frå KA.

**Handsaming:** Etter forslag frå prosten i Nord-Innherad blei det fatta følgjande vedtak:

Steinkjer kyrkjelege fellesråd uttaler seg slik at ein både støttar hovudforslaget i høyringsnotatet samstundes som ein påpeikar kritiske faktorar som i ein sum kan rokke ved soknet si stilling.